

# Fv. 49 Vikøy-Norheimsund er i gang

---

**Kvamppakken er undervegs og delprosjekt 2 er under bygging. Prosjektet er å bygge samanhengande gang- og sykkelveg frå Norhesimsund sentrum og til gravplassen på Vikøy. Samstundes vil fylkesveg 49 bli utbetra til dagens standard. I første omgang skal fylkesvegen hevast ved Kaldestad, og dette arbeidet er i gang. [13.02.2012]**

## **Nye bruer**

Statens vegvesen har skrivt avtale med Opedal og Sønner AS når det gjeld bygging av bruer og vegarbeid på Kaldestad ved kontora til Kvam Kraftlag. Her skal i første omgang byggast ei ny bru nedanfor den gamle. Denne skal vere for lokaltrafikk, men skal i tillegg nyttast som avlastningsbru under byggeperioden. Deretter skal den gamle Kallestad bru rivast ny bru vert bygd på same staden.

## **Vegstenging**

I samband med byggearbeidet med ny bru ved Kaldestad vil det bli omkøyringsveg over ny lokalbru og langs midlertidig veg. Vegen må likevel stengast i opp mot ein halvtime i periodar grunna vegarbeida. Stengingane vil bli tilpassa skuleskyss og bussruter og vil verte annonserte i lokalavisa.

## **Kommunal entreprise**

I Tveitakrysset er Kvam herad i gang med ei eiga entreprise som ikkje er del av Kvamppakken. Prosjektet dreier seg om utfylling av sjøareal i Norheimsund sentrum. og er ein vinn-vinn situasjon for både partar fordi heradet her sprenger ut og transporterer bort massar frå veganlegget. Her er GBS utførande entreprenør.

## **Strekninga vidare mot Vikøy**

-Vi er elles i ferd med å utarbeide ei eiga entreprise for resten av arbeida på strekninga Vikøy-Norheimsund, fortel prosjektleiar Rolf Harkestad. Denne vil bli utlyst så snart den er klar, men vi vil i utgangspunktet ikkje setje i gang meir arbeid på strekninga før Kvam herad sin entreprenør, GBS, er ferdig med si utsprenging og tilhøyrande massetransport. Grunnen er at dersom tre forskjellige entreprenørar skal vere i arbeid på same strekning kan det medføre store trafikkproblem og ulemper for trafikantane.

## **Betre for mjuke trafikantar**

Gang-/sykkelvegen sør for Vikøy kyrkje skal etter planen gå på same sida av riksvegen som kyrkja ligg. Forbi kyrkja forset gang-/sykkelvegen med fortau på 2,5 meters breidde langs kyrkjemuren og fram mot Blyberg. På baketoppen ved Blyberg kryssar gang-/sykkelvegen riksvegen i plan og forset på sjøsida fram mot Kaldestad og Norheimsund.

Vi reknar med at alt arbeid på strekninga vil vere ferdig i oktober 2013.